

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Føretak:	Helse Vest RHF
Dato:	07.01.2013
Sakhandsamar:	Hanne Løvereide Årstad
Saka gjeld:	Høyring - Endringar i pasient- og brukerrrettighetslova og implementering av pasientrettighetsdirektivet

Arkivsak

2012/555/

Styresak 02/13 B

Styremøte 15.01. 2013

Forslag til vedtak

Styret sluttar seg til høyringsuttale frå Helse Vest.

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet legg fram forslag til endringar i pasient- og brukarrettigheitslova. Hovudmålet med endringane er å forenkle gjeldande regler, betre understøtte eit forsvarleg pasientforløp, legge til rette for rette prioriteringar av pasientar og sikre tilgang til spesialisthelseteneste for dei pasientar som har behov for spesialisert helsehjelp.

Administrerande direktør støttar Helse- og omsorgsdepartementet i at det er behov for å forenkle reglane slik at dei betre understøttar og bidrar til god tilgang til spesialisthelsetenester, forsvarlege pasientløp og rette prioriteringar. Helse Vest er positive til å gjere reglane lettare tilgjengelege for pasientane og helsepersonell som skal praktisere reglane. Administrerande direktør sin vurdering er at departementet sitt framlegg til endringar i all hovudsak vil ha ein slik effekt og bør støttast. Nokre av endringane bør vurderast nøye før dei blir sett i verk for å sikre den ønska effekten og for å unngå uheldige konsekvensar.

Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har sendt på høyring forslag til endringar i pasient- og brukarrettigheitslova kapittel 2 og endringar som er nødvendige for å implementere EU sitt pasientrettighetsdirektiv i norsk lov.

Bakgrunn for å gjere endringar i pasient – og brukarrettigheitslova er at reglane blir oppfatta som kompliserte og ikkje i tilstrekkeleg grad utforma slik at dei understøttar og bidrar til god tilgang til spesialisthelsetenester, forsvarlege pasientforløp og rette prioriteringar. Departementet sitt hovudmål med endringane er å rette opp i dette og styrke pasientane sine rettar ved å endre reglane om mottak og vurdering av tilvisingar i pasient- og brukarrettighetslova og i prioriteringsforskrifta.

Framlegget har følgjande hovudpunkt:

- Alle pasientar med behov for spesialisthelsetenester får rett til nødvendig helsehjelp innan ein medisinsk forsvarleg juridisk bindande frist.
- Fristen for vurdering blir endra frå 30 arbeidsdagar (måndag – fredag) og 10 arbeidsdagar for enkelte grupper, til 10 arbeidsdagar for alle.
- Alle pasientar som skal ha eit tilbod skal få eit «tidspunkt» i form av ein konkret time eller melding om eit nærare forventa tidpunkt for første konsultasjon.
- Spesialisthelsetenesta får plikt til å kontakte Helseøkonomiforvaltninga (HELFO pasientformidling) om den juridiske fristen ikkje kan haldast.
- EU sitt pasientrettighetsdirektiv blir implementert ved at refusjonsordninga som i dag gjeld for helsetenester i EØS land også skal omfatte «sjukehusbehandling»

Kommentarar

Helse Vest har mottatt skriftlege høyringsuttaler frå Helse Fonna HF og Helse Bergen HF. Desse blir lagt ved brevet til departementet. I tillegg har RHF-et hatt møter med representantar frå føretaka for drøfting av høyringsnotatet. Føretaksgruppa er i det vesentlege einige og positive til dei endringar som er lagt fram.

Helse Bergen HF har i sin høyringsuttale stilt spørsmål til departementet om det ved ei slik vesentlig skjerping av vurderingsfristen (frå 30 til 10 arbeidsdagar) skal vere mogleg å returnere mangelfulle tilvisingar tilbake til fastlegen. Helse Vest ser at ein kort vurderingsfrist kan vere eit problem i nokre få tilfelle, men ønskjer ikkje at pasientane skal bli ein kasteball i systemet. Vi kjem derfor med eit forslag om at fristen blir sett til 15 arbeidsdagar. Dette vil gje moglegheit for å innhente meir dokumentasjon om det er nødvendig for å vurdere tilvisinga.

Helse Vest støttar i det vesentlege departementet sitt forslag til endringar. Helse Vest ønskjer i sin høyringsuttale særleg å fokusere på dei utfordringar vi kan sjå i samband med endringane og kva føresetnader som må vere på plass før reglane trer i kraft. I tillegg vil vi nytte høve til å peike på nokre

andre utfordringar knytt til dette regelverket, som Helse Vest tilrår blir søkt løyst i samband med dei endringar som no vil bli gjort. Desse er nærare omtala i vedlagt høyringsbrev til Helse- og omsorgsdepartementet.

Administrerande direktør viser elles til vedlagte høyringsuttale, for ein meir detaljert gjennomgang.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at styret sluttar seg til forslaget til høyringsuttale.

Vedlegg:

1. Forslag til brev til Helse – og omsorgsdepartementet, Høyring – Endringar i pasient- og brukarrettigheitslova og implementering av pasientrettighetsdirektivet.
2. Høyringsnotat- Endringar i pasient- og brukarrettigheitslova og implementering av pasientrettighetsdirektivet